



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Prop. 18 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2025 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

*Tilråding frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet 21. november 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2025 i samsvar med pkt. 2 nedanfor.

2 Forslag til endringar

Programkategori 01.10 Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor

Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til løn og andre driftsutgifter for Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa. I tillegg dekkjer løyvinga utgifter til fellestenester for departementsfellesskapet og Statsministerens kontor.

Det er høg etterspørsel frå departementa etter brukarbetalte tilleggstenester, i tillegg til høg aktivitet i prosjekt nytt regjeringskvartal, mellom anna auke i talet på bestillingar av vakthald til byggeplass og auka grad av prosjektbistand frå Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa på området teknisk sikring. Det blir derfor

foreslått å auke løyvinga med 75 mill. kroner, mot ein auke av inntektene på kap. 4510, post 02 med 45 mill. kroner og post 03 med 30 mill. kroner.

Kap. 4510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført betaling for standard- og tilleggstenester til Høgsterett, Statsbygg og driftsinntekter for Statens servicesenter i Engerdal. Inntekter frå Statsbygg er i hovudsak betaling for bidrag inn i prosjekt nytt regjeringskvartal. Storleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 45 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 1510, post 01.

Post 03 Brukarbetaling

På posten blir det ført brukarbetaling for tilleggstenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 30 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 1510, post 01.

Kap. 1515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til løn og andre driftsutgifter for Digitaliseringsorganisasjonen til departementa. I tillegg dekker løyvinga utgifter til digitale fellestenester for departementa og Statsministerens kontor.

Som følge av auka brukarbetalte inntekter frå Utanriksdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Tryggingsserviceorganisasjonen til departementa, blir det foreslått å auke løyvinga med 33,9 mill. kroner, mot ein auke av inntektene på kap. 4515, post 01 med 5,9 mill. kroner og post 02 med 28 mill. kroner.

I samband med flytting av midlar for investeringar av utstyr blir det foreslått å redusere løyvinga med 7 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på post 45.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 26,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til investeringar, vedlikehald, utskifting av utstyr og utviklingskostnader til tenesteleveransar innanfor digitale tenester.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på post 01.

Ansvar for eigarstyringa og oppfølginga av Program felles IKT-tenester i departementsfellesskapet (Programmet), endringstrinn 1, 2 og 3, inkludert budsjettmidlane til Programmet, blei overført frå Forsvarsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet frå og med 1. juli 2025, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025). Det er behov for å overføre ytterlegare budsjettmidlar til Programmet, og det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 14 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av Forsvarsdepartementets kap. 1700, post 22.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 21 mill. kroner.

Kap. 4515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa*Post 01 Diverse inntekter*

På posten blir det ført betaling for standard- og tilleggstenester til Høgsterett og Statsbygg. Storleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,9 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1515, post 01.

Post 02 Brukarbetalingar

På posten blir det ført brukarbetaling for tilleggstenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 28 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1515, post 01.

Programkategori 01.30 Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning**Kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga***Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga gjeld der Statsbygg får i oppdrag å prosjektere og hjelpe til med anskaffingane av brukarutstyr til byggeprosjekt. Løyvinga gjeld òg nødvendige sikringstiltak på Nationaltheatret for å sikre drift.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Årsaka er hovudsakeleg forseinkingar i prosjektet for Norsk havteknologisenter. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 250 mill. kroner.

Kap. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga*Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga dekker utgifter til restaurerings- og rehabiliteringsarbeid ved eigedomane.

I samband med rassikring av gruveinngangane under dei freda bygningane på Øvre Storwartz på Røros, blir det foreslått å auke løyvinga med 6,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på Klima- og miljødepartementets kap. 1400, post 01.

Kap. 2445 Statsbygg*Post 24 Driftsresultat*

Det er vedtatt å overføre 123 bustader frå Longyearbyen lokalstyre til Statsbygg. Bustadane blir overførte til Statsbygg, mot at Longyearbyen lokalstyre får dekkja gjelda på bustadane og kapitalelementet av husleiga for å leige busta-

dane tilbake. I samband med overføringa er det behov for å aktivere verdien på bustadane i balansen til Statsbygg, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir òg foreslått å redusere kravet til driftsresultat for Statsbygg med 40,7 mill. kroner til 328,9 mill. kroner, som oppgjer for delar av lokalstyret sitt manglande vedlikehald av desse bustadane. Statsbygg skal nytte desse midlane til å bringe bustadane opp på same vedlikehaldsnivå som dei andre bustadane Statsbygg forvaltar i Longyearbyen.

Det blir vist til nærare omtale av saka i Justis- og beredskapsdepartementets proposisjon om endringar i statsbudsjettet 2025.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til prosjektering av prioriterte, ordinære byggeprosjekt fram til fullført forprosjekt.

Det er løyvd 90,5 mill. kroner til prosjektering av nytt Oslo fengsel. Det blir foreslått at delar av desse midlane kan bli brukt til å forprosjektare nytt kvinnefengsel på Austlandet.

I statsbudsjettet for 2023 vedtok Stortinget oppstart av forprosjekt for nye lokalar for det samiske museet RiddoDuottarMuseat med planlagt ferdigstilling i 2025. Det er løyvd 25 mill. kroner til prosjektet, irekna 10 mill. kroner i 2025. Forseinkingar som reguleringsplanarbeid og auka arbeidsomfang inneber meirkostnadar i storleiken 5 mill. kroner. Dette blir handtert innanfor løyvinga på posten.

Post 31 Igangsetjing av ordinære byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga gjeld utgifter til oppstart av nye byggeprosjekt innanfor husleigeordninga.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Årsaka er revidert framdrift i nytt regjeringskvartal byggetrinn 2, del I. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 120 mill. kroner.

Post 33 Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekker midlar til vidareføring av byggeprosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Midlane skal sikre best mogleg framdrift i pågåande prosjekt.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Årsaka er mellom anna justert betalingsplan og ei mindre forseinking på rehabiliteringa av Bergen

tinghus. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 150 mill. kroner.

Post 34 Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Årsaka er lågare aktivitet enn venta, og at fleire kjøp ikkje kjem til utbetaling i 2025. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 50 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utstyr på eigedomane Statsbygg forvaltar, inkludert utbetringar, utskiftingar og installering av tekniske anlegg.

Behovet er lågare enn disponibel løyving, som følgje av lågare kostnadar enn venta. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 100 mill. kroner.

Programkategori 01.40

Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk

Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter.

Som følgje av behov for å omdisponere midlar internt i Digitaliseringsdirektoratet frå generell drift til drift av tilsynet for universell utforming av ikt blir løyvinga foreslått redusert med 8 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på post 27.

Post 25 Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, kan overførast

Føremålet med løyvinga er å bidra til gjennomføring av samfunnsøkonomisk lønsame digitaliseringsprosjekt og realisering av gevinstar.

For prosjekt som har mottatt medfinansiering blir det gjort ei avrekning etter at prosjektet er avslutta. Med bakgrunn i endeleg avrekning av prosjekt som fekk tilsegn om medfinansiering i 2022, og der totale tilsegn ikkje er brukt, blir det foreslått å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Post 27 Tilsyn for universell utforming av ikt

Løyvinga dekker drift og forvaltning av tilsyn for universell utforming av ikt. Som følgje av behov

for å omdisponere midlar internt i Digitaliseringsdirektoratet frå generell drift til drift av tilsynet for universell utforming av ikt blir løyvinga foreslått auka med 8 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på post 01.

Post 29 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning knytt til Altinn, utgifter til private leverandørar for SMS-varsling og driftsmessige endringar som den enkelte tenesteeigar har bestilt. Utgiftene blir fakturert vidare til tenesteeigarane i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet. Inntektene frå tenesteeigarane blir budsjettert på kap. 4540, post 07.

Løyvinga er basert på tenesteeigarane sitt estimat for dekking av driftskostnader. Dei nyaste estimata viser eit meirbehov på 20,5 mill. kroner. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 20,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av inntektene på kap. 4540, post 07.

Kap. 4540 Digitaliseringsdirektoratet

Post 05 Bruk av nasjonale fellesløysingar

På posten budsjetterast inntekter knytte til betaling frå offentlege verksemdar for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå som er utferda av private leverandørar og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå og SMS-kostnader. I tillegg budsjetterast inntekter frå verksemdar for bruk av Digital postkasse til innbyggjarar, innlogging til postkassene via ID-porten og kostnader knytte til oppstart og signatur til tenesta for signering.

Som følgje av innbetalingar i 2025 av forseinka inntekter frå 2024, blir det forventa ei meirinntekt på posten i år. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 37 mill. kroner.

Post 07 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn

På posten budsjetterast inntekter knytte til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning av Altinn og SMS-varsling. I tillegg budsjetterast inntekter knytte til driftsmessige endringar som tenesteeigarane har bestilt. Digitaliseringsdirektoratet fakturerer vidare utgiftene til tenesteeigarane etter gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet ved Altinn.

Løyvinga blir foreslått auka med 20,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1540, post 29.

Kap. 1541 IT- og ekompolitikk

Post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga på posten brukast til tiltak for å gjennomføre og utvikle IT- og ekompolitikken.

Kostnadane for gjennomføring av Internet Governance Forum (IGF) i Noreg i 2025 har vore noko lågare enn budsjettert, og løyvinga blir derfor foreslått redusert med 7,5 mill. kroner.

Post 70 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, kan nyttast under post 22

Løyvinga dekker diverse tilskot og kontingentar innanfor forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, irekna utgifter til Noregs kontingent til Open Government Partnership (OGP) og kontingentar knytt til Noregs deltaking i Den internasjonale teleunion (ITU) og Den europeiske post- og teleorganisasjon (CEPT). Kontingentane for 2025 aukar samanlikna med saldert budsjett for 2025 som følgje av endra valutakurs. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 1,2 mill. kroner.

Kap. 1542 Internasjonalt samarbeid

Post 70 Internasjonale program

Løyvinga gjeld EU-program som Noreg tar del i etter EØS-avtala og som er knytte til digitalisering av samfunn, næringsliv og forvaltning, og dekker programkontingentar og andre utgifter til EU-program og etterslep frå avslutta EU-program. Årleg medlemskontingent for norsk deltaking i EU-program blir fastsett i euro av EU-kommisjonen på grunnlag av forventa framdrift under det enkelte programmet. Kontingenten blir betalt samla av Utanriksdepartementet mot seinare refusjon frå dei departementa som er ansvarlege for dei enkelte programma.

Det norske bidraget til Programmet for eit digitalt Europa 2021–2027 (DIGITAL), etterslep etter det avslutta programmet CEF Digital og midlar til det europeiske nettverks- og informasjonssikkerhetsbyrået ENISA blei i Prop. 1 S (2024–2025) anslått til 344,1 mill. kroner. Basert på innbetalingskrav frå Utanriksdepartementet blir kontingentane 218,9 mill. kroner i 2025.

Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 125,2 mill. kroner.

Kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter i Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Løyvinga dekker òg Noreg sin kontingent for deltaking i Body of European Regulators for Electronic Communications (BEREC).

Kontingenten til BEREC for 2025 aukar samanlikna med saldert budsjett for 2025 som følgje av endra valutakurs. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 133 000 kroner.

Post 22 (ny) Nytt nødnett, kan overførast

Det blir foreslått å opprette ein ny post for å dekke utgifter i 2025 i samband med prosjektet for nytt nødnett, jf. òg tilsvarande forslag i Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Staten har kontrakt om drift av dagens nødnett til og med 2031. Arbeidet med å utgreie nytt nødnett blei starta i 2019. Den nye løysinga skal berast av dei kommersielle mobilnetta, for å få ei robust løysing som varetar konkurranse i mobilmarknaden.

Det vidare arbeidet med å utgreie nytt nødnett skal baserast på den til ei kvar tid best tilgjengelege og oppdaterte teknologien, med nødvendig sikkerheit, per no 5G-teknologi og skivedeling. Alle dei tre mobilnetta skal nyttast for å få ei løysing som er sikker og robust, og som òg varetar konkurranse i mobilmarknaden. Ansvar for prosjektet for nytt nødnett blei derfor i august 2025 flytta frå Justis- og beredskapsdepartementet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

For å sikre nødvendig framdrift i prosjektet, er det behov for raskt å inngå avtaler om strategisk partnerskap med dei tre mobilnetttilbydarane, der dei forpliktar seg til å stille med ressursar til det nye nødnettprosjektet. Avtalene skal sikre god oppfølging av spørsmål som til dømes gjeld teknisk moglegeheitsrom (testing og utvikling), teknisk arkitektur, standardiseringsarbeid og funksjonalitet både i nett og tenester.

Det blir derfor foreslått å løyve 30 mill. kroner.

Post 70 Telesikkerheit og -beredskap, kan overførast

Løyvinga på posten brukast til tiltak for å styrkje beredskapsevna og gjere ekomnetta meir robuste, mellom anna på grunn av meir ekstremvær, eit endra trusselbilete og auka avhengnad av elektronisk kommunikasjon og digitale tenester på tvers av alle sektorar.

For å styrkje reserveløysinga for kommunikasjon til Svalbard er det i statsbudsjettet for 2026 foreslått å auke løyvinga på kap. 1543, post 70 med 19 mill. kroner, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Det er nødvendig med midlar òg i 2025 for å dekke kostnader knytt til forsterkinga av reserveløysinga. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 24,6 mill. kroner.

Post 71 Funksjonell internettilgang til alle, kan overførast

Løyvinga skal brukast til tilskotsordning for funksjonell internettilgang til alle, som skal sikre moglegheit for slik tilgang til husstandar og små og mellomstore bedrifter som ikkje kan få eit tilbod gjennom marknadsbasert utvikling eller gjennom eksisterande offentlege verkemiddel.

Som følgje av ein del praktiske spørsmål knytte til ordninga, inkludert om statsstøtteregelvek, blei forskrifta fastsett i september 2025, og vil ikkje starte opp før i 2026. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 6 mill. kroner.

Programkategori 01.60 Statleg arbeidsgivarpolitikk

Kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar mv.

Post 72 Pensjonskostnader tenestemannsorganisasjonane

Verksemder som er medlemmer i Statens pensjonskasse skal betale ein aktuarielt berekna premie (arbeidsgivardel), slik det blir gjort i privat sektor. Tenestemannsorganisasjonane betaler ikkje arbeidsgivardel for tilsette som har ulønt permisjon frå statleg verksemd for å ha verv eller vere tilsett i ein slik organisasjon. I samsvar med permisjonsavtala betaler organisasjonane berre 2 pst. medlemsinnskot. For å synleggjere det årlege bidraget staten har til tenestemannsorganisasjonane på pensjonsområdet, blir desse premiekostnadane budsjetterte på ein eigen post i statsbudsjettet.

På bakgrunn av lågare premiekostnader enn tidlegare estimert, blir det foreslått å redusere løyvinga med 11,5 mill. kroner.

Kap. 1565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker kostnadane til Statens pensjonskasse for å administrere bustadlånordninga, jf. post 90. Hovuddelen av kostnadane blir dekt av lånekundane gjennom betaling av ulike former for gebyr, jf. kap. 4565, post 01.

Som følge av at Statens pensjonskasse behandlar og utbetalar fleire lånesøknader, og at anslaget for samla låneportefølje har auka, blir det foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 90 Utlån, overslagsløyving

Løyvinga dekker forventa brutto utlån til bustadlån og berekna opptente, men ikkje-betalte renter på låna.

Erfaringar viser at når renta i Statens pensjonskasse er gunstig samanlikna med marknaden elles, aukar talet på lånesøknader. Talet på lånesøknader har vore høgare enn tidlegare estimert. Anslaget for utbetalte lån i 2025 er auka med 1 900 mill. kroner, inkludert om lag 193 mill. kroner i berekna opptente renteinntekter. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 1 900 mill. kroner.

Kap. 4565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Gebyrinntekter, lån

Posten omfattar innbetaling av gebyr frå låntakarane i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse i form av termingebyr, etableringsgebyr, purregebyr og liknande.

Som følge av auka volum i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 1565, post 90 og kap. 4565, post 90, blir det foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag, innfriingar av bustadlån, tilbakeføring av berekna opptente, men ikkje-betalte renteinntekter og tilbakeføring av tap.

På bakgrunn av anslag basert på det faktiske talet på innfriingar hittil i år og forventa inn-

friingar resten av året, blir det foreslått å redusere løyvinga med 1 800 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

Post 80 Renter

Løyvinga gjeld renteinntekter, og opptente, ikkje-betalte renter knytte til bustadlånordninga i Statens pensjonskasse.

Renteinntektene er anslått å auke grunna vekst i låneporteføljen. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 90 mill. kroner.

Kap. 4566 Yrkesskedeforsikring

Post 01 Premieinntekter

Løyvinga dekker innbetaling av yrkesskedeforsikringspremie frå alle arbeidsgivarar som er omfatta av ordninga.

Fakturert premie er auka som følge av endringar i bestanden og fordeling av årsverk i dei ulike risikogruppene. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 4567 Gruppelivsforsikring

Post 01 Premieinntekter

Løyvinga omfattar innbetaling av premie for dei verksemdene som betaler gruppelivspremie direkte til Statens pensjonskasse.

Fakturert premie er auka som følge av endringar i bestanden. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Andre saker

Nytt regjeringskvartal byggetrinn 1 – omklassifisering av 50 pst. av investeringskostnaden

Byggeprosjektet nytt regjeringskvartal byggetrinn 1 har ein venta sluttkostnad på 22,2 mrd. kroner (prisnivå per 1. september 2025). Byggeprosjektet er særskilt ved at sikkerheitstiltak utgjer i overkant av halve investeringskostnaden. Mange av sikkerheitstiltaka har karakter av infrastrukturelle og tekniske installasjonar som ikkje bør inngå i ordinær husleigeberekning for departementa. Husleigeberekninga bygger på ein føresetnad om at slike sikkerheitstiltak blir haldne utanfor berekningsgrunnlaget. Grunnlaget for husleigeberekninga utgjer om lag 50 pst. av investeringskostnadane.

Utgangspunktet for byggeprosjekt i statens husleigeordning er at dei blir finansierte av den renteberande kapitalen til staten. Når eit byggeprosjekt blir ferdigstilt blir investeringskostnaden for prosjektet aktivert i balansen til Statsbygg.

Når byggetrinn 1 blir tatt i bruk frå 1. januar 2026, vil 50 pst. av investeringskostnaden bli aktivert i balansen til Statsbygg og finansiert som renteberande kapital i husleigeordninga. Den resterande delen blir aktivert som ordinær løyvingsfinansierte investering og dermed omklassifisert i balansen til Statsbygg som *utsett inntekt* under kapitalen til staten.

Omklassifiseringa gjeld berre byggetrinn 1 i nytt regjeringskvartal. Regjeringa vil i samband

med revidert nasjonalbudsjett for 2026 kome tilbake til behovet for å fremje forslag til romartalsvedtak om oppføring av fast kapital i Statsbygg i kontogruppe 68 til kapitalrekneskapen som følge av omklassifiseringa.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2025 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2025 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2025 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

I

I statsbudsjettet 2025 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1510		Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 726 453 000 til kr 801 453 000	75 000 000
1515		Digitaliseringsorganisasjonen til departementa:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 395 301 000 til kr 422 201 000	26 900 000
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 719 800 000 til kr 740 823 000	21 023 000
1530		Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga:	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 459 300 000 til kr 1 209 300 000	250 000 000
1533		Eigedomar utanfor husleigeordninga:	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 35 000 000 til kr 41 200 000	6 200 000
1540		Digitaliseringsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 177 821 000 til kr 169 821 000	8 000 000
	25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 150 241 000 til kr 148 746 000	1 495 000
	27	Tilsyn for universell utforming av ikt, blir auka med..... frå kr 19 860 000 til kr 27 860 000	8 000 000
	29	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 150 000 000 til kr 170 500 000	20 500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1541		IT- og ekompolitikk:	
	22	Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> , blir redusert med frå kr 132 029 000 til kr 124 499 000	7 530 000
	70	Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, <i>kan nyttast under post 22</i> , blir auka med..... frå kr 26 816 000 til kr 28 042 000	1 226 000
1542		Internasjonalt samarbeid:	
	70	Internasjonale program, blir redusert med frå kr 344 060 000 til kr 218 907 000	125 153 000
1543		Nasjonal kommunikasjonsmyndighet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 282 101 000 til kr 282 234 000	133 000
(NY)	22	Nytt nødnett, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med	30 000 000
	70	Telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 203 221 000 til kr 227 821 000	24 600 000
	71	Funksjonell internettilgang til alle, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 5 975 000 til kr 0	5 975 000
1560		Tariffavtalte avsetningar mv.:	
	72	Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane, blir redusert med frå kr 59 500 000 til kr 48 000 000	11 500 000
1565		Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 56 000 000 til kr 58 000 000	2 000 000
	90	Utlån, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 9 100 000 000 til kr 11 000 000 000	1 900 000 000
2445		Statsbygg:	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter.....	-6 558 000 000
		2 Driftsutgifter.....	2 884 058 000
		3 Avskrivingar	1 655 000 000
		4 Renter av statens kapital	1 690 000 000
			<u>-328 942 000</u>

Kap.	Post	Formål	Kroner
	31	Igangsettning av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 690 000 000 til kr 570 000 000	120 000 000
	33	Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 4 489 802 000 til kr 4 339 802 000	150 000 000
	34	Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 850 000 000 til kr 800 000 000	50 000 000
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 368 869 000 til kr 268 869 000	100 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4510		Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa:	
	02	Diverse inntekter, blir auka med..... frå kr 45 376 000 til kr 90 376 000	45 000 000
	03	Brukarbetaling, blir auka med..... frå kr 41 588 000 til kr 71 588 000	30 000 000
4515		Digitaliseringsorganisasjonen til departementa:	
	01	Diverse inntekter, blir auka med..... frå kr 600 000 til kr 6 500 000	5 900 000
	02	Brukarbetalinger, blir auka med frå kr 34 649 000 til kr 62 649 000	28 000 000
4540		Digitaliseringsdirektoratet:	
	05	Bruk av nasjonale fellesløysingar, blir auka med frå kr 200 600 000 til kr 237 600 000	37 000 000
	07	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, blir auka med..... frå kr 150 000 000 til kr 170 500 000	20 500 000
4565		Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse:	
	01	Gebyrinntekter, lån, blir auka med frå kr 50 000 000 til kr 52 000 000	2 000 000
	90	Tilbakebetaling av lån, blir redusert med..... frå kr 19 300 000 000 til kr 17 500 000 000	1 800 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
4566		Yrkesskedeforsikring:	
	01	Premieinntekter, blir auka med..... frå kr 89 000 000 til kr 92 000 000	3 000 000
4567		Gruppelivsforsikring:	
	01	Premieinntekter, blir auka med..... frå kr 146 000 000 til kr 147 000 000	1 000 000
5607		Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse:	
	80	Renter, blir auka med frå kr 3 951 000 000 til kr 4 041 000 000	90 000 000

II

Fullmakt til å korrigere balansen til Statsbygg ved overdraging av bustadar
frå Longyearbyen lokalstyre

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2025 kan korrigere balansen til Statsbygg som følge av overdraging av bustadar frå Longyearbyen lokalstyre.

=====

